



**ÅRSMELDING
BERGSØY I L
HANDBALLGRUPPA
FOR
SESONGEN
1990/91**

STYRET

Handballgruppa har i sesongen 1990/91 hatt dette styret:

Bodil Notøy	leiar
Terje Krogset	nestleiar
Kato Koteng	kasserar
Astrid Jensen	sekretær
Torill Berge	styremedlem
Svein Leine	-
Olga Selvåg	-
Bente Yndestad	varamedlemar
Age Remøy	-

I sesongen 1990/91 har styret hatt 9 møte, fram til årsmøtet i BIL, 27. nov. 1991. Tilsaman har styret handsama 31 saker.

MÅLSETJING

Målsetjinga for handballgruppa er også i år todelt, ei sportsleg og ei økonomisk målsetjing. Når det gjeld det sportslege, satsar vi på at både damelaget og herrelaget held plassane sine i 4.div. og 3.div. Dette er viktig for gruppa, vi vil gjerne behalde både spelarar og publikum. Vi har og i tankane at opprykk for herrelaget kan bli aktuelt.

Elles er det også eit mål å byggje vidare ut det sportslege nivået i klubben. Trenerforum, dommarforum og kurs er sentrale faktorar her. Vi satsar framleis på å auke interessa for gutehandball, med tanke på rekruttering på herresida. Den økonomiske målsetjinga i gruppa er balanse i rekneskapen. Gruppa arbeider aktivt og bevisst for å skaffe seg inntekter som kan dekkje dei reelle utgiftene. Vi ser det framleis særskilt viktig at arbeidet vi gjer vert utført på ein økonomisk forsvarleg måte, lån til driftskostnader er uaktuell økonomi. Elles er nytt dekke i Herøyhallen framleis eit økonomisk mål. Handballgruppa vil nytte hallreklame-pengar til å dekkje sin del av eventuelle kostnader her. Det har ikkje skjedd noko med prosjektet sidan forrige årsmøte.

SERIEN

Handballgruppa hadde 10 lag med i serien denne sesongen. Vi hadde 8 aldersbestemte lag med, 3 gutelag og 5 jentelag. Også denne sesongen hadde J12 og J14 både A- og B-lag. Vi har dessutan hatt ei stor minihandballgruppe.

På seniorsida hadde vi eit herrelag, og eit damelag. Herrelaget fekk ein god 3. plass i sin pulje i 3. divisjon, berre 3 poeng bak serie-toar Skogn. Dette gav laget automatisk kvalifisering for NM-serie. Bergsøy tapte som kjent NM-kvalifiseringskampen mot Åsane IL, i Herøyhallen. Damelaget enda på 9. plass og rykte ned frå 4. divisjon. Men sidan Hødd trekte damelaget sitt, berga vi siste plassen i 4. divisjon.

Av andre serieresultat vil vi nemne G16 og G14. Dei kom på ein fin 3. og 4. plass i sine puljar, eit flott resultat ! Til samanlikning vil vi nemne at begge laga enda på jumbo plass i fjor.

SPORTSLEGE ARRANGEMENT

Handballgruppa har hatt ein aktiv sportsleg sesong, og gruppa har sjølv arrangert 2 cupar, 1 seniorcup og ein cup for aldersbestemte lag.

Sommarcup-91, vår nye seniorcup, vart arrangert for 3. gong, 6. og 7. juli. Det viste seg at juli ikkje er noko god tid å arrangere cup på. Publikum svikta, dessutan fekk enkelte dommarar og spelarar ferie avviklingsvanskar. Også i år fekk vi tildelt dommarsamling, med observatørar frå NHF og Trondheim handballkrets. Samarbeidet vårt med handballgruppa i Hødd fungerte godt. Det deltok 8 herrelag og 9 damelag, og det vart spela 42 kampar i løpet av helga, fordelte på Ulsteinhallen og Herøyhallen. Rollon vann herreklassen, og Spjelkavik vann dameklassen.

Det vart ikkje arrangert Bergsøy-cup for seniorar i september. To store seniorcupar i løpet av 3 månadar er for arbeidskrevjande, styret har valt å prioritere seniorcupen i juni. Litt rart å kutte ut eit arrangement som har gått årleg, 14 år på rad.

7. og 8. sept. arrangerte vi Sparebankcup for 6. gong. Dette er ei turnering for aldersbestemte lag, gutar og jenter i alderen 14-16 år. 20 lag deltok, 7 gutelag og 13 jentelag. Spjelkavik vann J14, Stranda vann J16 og Bergsøy vann G14 klassen. Spjelkavik vann G16 klassen.

DELTAKING PÅ TURNERINGAR

Dette å reise på cup er populært, og kvart år er det vanleg at både seniorlaga og dei aldersbestemte laga deltek på ein eller to cupar. Turneringsspel er utviklande for laga, både sportsleg og sosialt.

Minispelarane har vore med på 2 turneringar.

Dei aldersbestemte laga har vore på fleire ulike cupar denne sesongen. 14- og 16-års laga har vore på Strandacup og Rosecup (Molde), 12-årslaga var på Andalsnescup og Spjelkavikcup.

ANNAN SPORTSLEG DELTAKING

BIL-spelarar har også markert seg innan krets- og LUM-samlingar i år. Hanne Reite, Linda Frantzen og Vibeke Frøystad har vore med på kretslaget J14. Her har Ruth Frøystad vore med som trenar. Anniken Rønnestad er fast på kretslaget J16. Dessutan har Vibeke Frøystad, Anniken Rønnestad og Hanne Reite vore med på LUM

SPORTSLEG SATSING SESONGEN 1990/91

Denne sesongen har handballgruppa satsa sterkt, både på trenarsida og spelarsida. 1.mai 1990 inngjekk vi samarbeidsavtale med Spjelkavik IL, om leige av den jugoslaviske trenaren Marijan Sedjak. Han har fram til 1.mai i år trena dame- og herre-laget, samt J16.

I oktober '90 fekk herrelaget ein utanlandsk spelar, då var kontrakta med slovenaren Darko Grzentic i orden. Denne sesongen er Darko tilbake i Bergsøy, men no som spelande trenar for herrelaget, samt trenar for damelaget og trenarstøtte for fleire aldersbestemte lag.

5 personar har delteke på A-kurs denne sesongen, samt fleire av dame- og herre-spelarane har delteke på Fredrik Brubakken-kurs.

Vi hadde ingen påmelde dommarar i sesongen 1990/91. Dette er beklageleg, dommarane våre prioriterer andre sider av handballidretten.

ØKONOMI

Gruppa har hatt ein variabel, men bra økonomi gjennom sesongen. Publikums-frammøtet på herrekampane i 3.div. har vore godt gjennom heile sesongen, og det har gitt gode arrangementsinntekter også denne sesongen.

Vår største inntektskjelde denne sesongen har vore lossing. Seniorspelarane har sjølve, gjennom lossing, dekt ein stor del av trenarkostnadane. Elles har herrespelarane "betalt" den utanlandske spelaren på laget med lossepengar. Terje Krogset og Rune Notøy har gjort ein enorm innsats for klubben når det gjeld lossinga.

Inntektene våre elles denne sesongen:

Handballens Dag, 2 moteframsyningar, Sommarcup, Sparebankcup m. diskotek, handballprogrammet, lynlotteria, reklame o.l. Dessutan har handballgruppa sponsoravtale med Sparebanken Møre. Vi viser elles til rekneskapan som skal leggast fram.

FORELDREFOREINING

Grete Grønbech	leiar
Jorunn Kvalsund	nestleiar
Kristin Leine	sekretær
Guri Djupvik	styremedlem
Signe Nysæter	-
Linda Voldsund	-
Ellen Voldsund	-

Foreldreforeininga har vore med under dei fleste store arrangementa.

Styret i handballgruppa for 1990/91 vil rette ei stor takk til alle aktive spelarar, trenarar, dommarar, oppmenn, foreldrestyret, foreldre, sjåførar og andre som har hjelpt til, for den innsatsen dei har gjort denne sesongen.

Vi vil også takke Herøy kommune og Ytre Herøy ungd.skule for den velvilje som er vist oss med hensyn til utlån av lokale m.m.

Ei stor takk til Herøy Kulturhus, m. vaktmeistrar og vaskepersonell, for godt samarbeid sesongen 1990/91.

Elles vil vi rette ei stor takk til forretningsstanden i Fosnavåg og på Eggesbønes for ei svært god støtte. Ei stor takk til bankane og næringslivet elles for godt samarbeid. Dei har alle vore gode støttespelarar ved annonsesponsing, draktsponsing, kjøp av hallreklame og ikkje minst ved vår gevinst-tigging.

Til slutt vil vi rette ei ekstra stor takk til heimepublikumet vårt. Vi har ein fast og trufast gjeng som møter opp på dei fleste heimekampane våre !

Så vil vi ynskje det nye styret i handballgruppa lukke til med arbeidet vidare.

Fosnavåg, den 24.november 1991

Bodil Notøy

Bodil Notøy
leiar

Astrid Jensen

Astrid Jensen
sekretær

SERIRESULTAT 1990-91

DAMER 4. DIV. AVD. 10:

1	Volda	18	15	1	2	396 - 250	31
2	Hovdebygda	18	13	0	5	416 - 276	26
3	Molde	18	13	0	5	329 - 283	26
4	Mauseidvåg	18	11	1	6	307 - 290	23
5	Spjelkavik	18	10	2	6	320 - 307	22
6	Clausenengen	18	9	3	6	348 - 310	21
7	Gloppen	18	7	1	10	314 - 289	15
8	Hødd	18	4	2	12	286 - 357	10
9	Bergsøy	18	3	0	15	244 - 323	6
10	Bryn	18	0	0	18	178 - 453	0

Trenar: Marijan Sedjak / Bjarne Pettersen

Oppmann: Ellbjørg og Jørgen Eggesbø

jenter 16

avdeling A

1	Stranda	14	12	0	2	264 - 167	24
2	Skarbøvik	14	10	3	1	270 - 170	23
3	Langevåg	14	10	2	2	210 - 157	22
4	Rollon	14	6	4	4	217 - 184	16
5	Bergsøy	14	5	3	6	177 - 181	13
6	Ørsta	14	2	2	10	199 - 259	6
7	Hovdebygda	14	2	2	10	201 - 272	6
8	Mauseidvåg	14	0	2	12	143 - 291	2

Trenar: Marijan Sedjak Oppmann: Per Frøystad

jenter 14

avdeling A

1	Stranda	16	14	1	1	296 - 97	29
2	Spjelkavik	16	13	0	3	224 - 138	26
3	Ørsta	16	12	1	3	275 - 133	25
4	Langevåg	16	11	0	5	230 - 107	22
5	Bergsøy	16	9	0	7	203 - 171	18
6	Rollon	16	6	0	10	113 - 253	12
7	Skarbøvik	16	3	1	12	94 - 171	7
8	Hødd	16	2	1	13	82 - 274	5
9	Ringan	16	0	0	16	114 - 287	0

Trenar: Ruth Frøystad / Siv Vestnes Oppmann: Johs. Nørvåg

jenter 14

avdeling C

1	Haram	16	16	0	0	244 - 118	32
2	Bergsøy B	16	11	1	4	168 - 119	23
3	Blindheim	16	11	0	5	170 - 114	22
4	Larsnes	16	8	0	8	181 - 178	16
5	Langevåg B	16	6	1	9	155 - 154	13
6	Herd B	16	6	0	10	132 - 187	12
7	Haram B	16	6	0	10	138 - 195	12
8	Godøy	16	4	0	12	121 - 188	8
9	Valder	16	3	0	13	132 - 188	6

Trenar: Håvard Notøy Oppmann: Jan Bøe

jenter 12

avdeling A

1	Spjelkavik	14	14	0	0	228 - 73	28
2	Fiskerstrand	14	11	1	2	155 - 92	23
3	Langevåg	14	10	0	4	196 - 96	20
4	Stranda	14	7	1	6	132 - 117	15
5	Bergsøy	14	5	1	8	133 - 132	11
6	Skarbøvik	14	5	1	8	124 - 135	11
7	Haram	14	2	0	12	71 - 174	4
8	Mauseidvåg	14	0	0	14	51 - 271	0

Trenar: Eva Kristin Lid Hole / Wenche Karlsen
Oppmann: Kristin Leine

jenter 12

avdeling C

1	Mork	14	14	0	0	226 - 94	28
2	Hovdebygda	14	11	1	2	189 - 91	23
3	Sabø	14	10	0	4	179 - 130	20
4	Hødd	14	8	1	5	140 - 99	17
5	Bergsøy B	14	6	0	8	130 - 132	12
6	Blindheim B	14	3	0	11	105 - 172	6
7	Volda	14	3	0	11	98 - 179	6
8	Ørsta	14	0	0	14	51 - 221	0

Trenar: Margareth Leinebø Oppmann: Heidi Igesund

HERRER 3. DIV. AVD. E:

1	Klæbu	18	15	2	1	487 - 359	32
2	Skogn	18	12	2	4	460 - 361	26
3	Bergsøy	18	10	3	5	331 - 342	23
4	Wing	18	11	0	7	423 - 403	22
5	Ringn	18	8	0	10	370 - 389	16
6	Charlottenlund	18	7	2	9	368 - 390	16
7	NTHI	18	7	1	10	395 - 395	15
8	Mosjøen	18	6	1	11	369 - 436	13
9	Molde	18	4	3	11	379 - 422	11
10	Volda	18	1	4	13	371 - 456	6

Trenar: *Marijan Sedjak / Per A. Kvalsund* Oppmann: *Terje Krogset*

gutter 16 avdeling

1	Molde	16	12	1	3	355 - 212	25
2	Stranda	16	12	1	3	409 - 287	25
3	Bergsøy	16	10	2	4	289 - 255	22
4	Volda	16	10	1	5	380 - 320	21
5	Midsund	16	8	1	7	328 - 349	17
6	Ørsta	16	6	1	9	292 - 320	13
7	Spjelkavik	16	4	1	11	226 - 289	9
8	Haram	16	3	0	13	256 - 339	6
9	Rollon	16	3	0	13	209 - 373	6

Trenar: *Solveig Grønbech* Oppmann: *Linda K. Voldsund*

gutter 14 avdeling

1	Langevåg	16	16	0	0	348 - 148	32
2	Stranda	16	12	2	2	287 - 197	26
3	Spjelkavik	16	10	1	5	256 - 165	21
4	Bergsøy	16	10	1	5	243 - 223	21
5	Haram	16	9	0	7	225 - 205	18
6	Rollon	16	5	0	11	160 - 265	10
7	Ringn	16	4	1	11	209 - 298	9
8	Ørsta	16	2	0	14	180 - 272	4
9	Valder	16	1	1	14	189 - 324	3

Trenar: *Edvin Pettersen* Oppmann: *Ann Mari Kvalsvik*

gutter 12 avdeling

1	Haram	14	12	1	1	240 - 136	25
2	Spjelkavik	14	12	0	2	220 - 131	24
3	Øyar	14	8	3	3	182 - 117	19
4	Stranda	14	8	0	6	175 - 144	16
5	Bergsøy	14	6	1	7	148 - 158	13
6	Ørsta	14	4	1	9	119 - 171	9
7	Rollon	14	1	2	11	95 - 180	4
8	Ørsta B	14	1	0	13	99 - 241	2

Trenar: *John Håvard Vike* Oppmann: *Evy Sandhaug*